



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

Norges vassdrags- og energidirektorat  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 Oslo

|              |              |                |                                    |            |
|--------------|--------------|----------------|------------------------------------|------------|
| Dykkar ref:  | Dykkar dato: | Vår ref:       | Vår saksbehandlar:                 | Vår dato:  |
| 201002635-11 | 07.04.2014   | 23644/2014/S11 | Anders Røystrand, tlf. 71 25 82 90 | 07.07.2014 |

## Ørskog og Sykkylven kommunar - søknader om bygging av 10 småkraftverk - fråsegn ved høyring

Møre og Romsdal fylkeskommune viser til høyring av søknader etter vassressurslova og energilova for bygging og drift av 10 småkraftverk i Ørskog og Sykkylven kommunar:

| Kommune   | Namn på kraftverk | Vassdrag     | Utbygger                      |
|-----------|-------------------|--------------|-------------------------------|
| Ørskog    | Grytavatnet       | Vaksvikelva  | Grytavatnet utbygging         |
| Ørskog    | Kverve            | Vaksvikelva  | Grytavatnet utbygging         |
| Ørskog    | Vaksvik           | Vaksvikelva  | Vaksvik Kraft SUS             |
| Ørskog    | Vestre            | Vestreelva   | Vestekraft SUS                |
| Ørskog    | Ørskogelva        | Ørskogelva   | Ørskogelva kraft SUS          |
| Sykkylven | Aurdal            | Aurdalselva  | Aurdalselva Fallrettslag SA   |
| Sykkylven | Kroken            | Regndalselva | Kroken Kraftverk SUS          |
| Sykkylven | Øvre Huna         | Huna         | Huna kraft AS                 |
| Sykkylven | Nedre Huna        | Huna         | Huna kraft AS                 |
| Sykkylven | Gimsdalselva      | Gimsdalselva | Gimsdalselva fallretteigarlag |

Fylkeskommunen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

### GENERELT

#### Kraftproduksjon og verdiskaping

Møre og Romsdal fylkeskommune har mål om auka verdiskaping frå fornybar energi, noko som kjem fram i *Fylkesplan for Møre og Romsdal 2013-2016*, og satsinga Energiregion Møre. Auka lokal produksjon av elektrisk energi er også ei målsetjing for å sikre kraftforsyning i fylket. Det er samstundes eit mål i fylkesplanen at areal- og naturressursane skal forvaltast slik at miljø og artsmangfald vert teke vare på.

#### Vassforskrifta og Regional plan for vassforvaltning for Møre og Romsdal vassregion

Møre og Romsdal fylkeskommune er etter vassforskrifta myndigheit for Møre og Romsdal vassregion. Fylkeskommunen la *Regional plan for vassforvaltning for Møre og Romsdal vassregion 2015-2021* ut på høyring 1.7.2014. Planen fastset miljømål for vassførekomstane i fylket og skal leggst til grunn for regionale organ sine verksemder

og for kommunal og statleg planlegging og verksemd i vassregionen, jf. vassforskrifta § 29, siste ledd. Miljømål og planlagde tiltak må takast med i vurdering av konsesjons-søknadene. Forvaltningsplanen for Møre og Romsdal er venta vedteken innan utgangen av 2015, og planforslaget med forslag til tiltaksprogram kan sjåast på <http://www.vannportalen.no/enkel.aspx?m=64134>.

Når det gjeld fysiske inngrep i vassdrag generelt er utgangspunktet i vassforskrifta at miljømålet for vassførekomstane skal nåast, jamfør §§ 4-6. På visse vilkår, t.d. stor samfunnsnytte, opnar § 12 for ny aktivitet eller nye inngrep sjølv om desse medfører nedsett miljøtilstand eller at miljømål ikkje vert nådde. Vurderingane etter § 12 skal sikre at aktivitetar og tiltak er så berekraftige og miljøtilpassa som mogleg.

Vi registrerer at fleire av søknadene legg opp til å (moglegvis) nytte «Coanda-inntak», noko vi generelt ser som positivt i vassforvaltningssamanheng.

#### Kulturminne og kulturmiljø

Fylkeskommunen vurderer under påverknad på kjende kulturminne, og korleis dette er beskrive og vurdert i konsesjonssøknadane. Vi vurderer vidare potensialet for hittil ukjende freda kulturminne innafor planlagde utbyggingsområde. Ut frå dette viser vi i nokre tilfelle til behov for arkeologiske registreringar. Registreringane kan føre til funn av freda kulturminne som kjem i konflikt med utbyggingsplanar, og dermed endrar konsekvensutgreiinga for tema kulturminne og kulturmiljø. Vi rår difor generelt til at arkeologiske registreringar vert utførte før det eventuelt blir gitt konsesjon.

Opplysningar om arkeologisk registrering, meldeplikt etter kulturminnelova og merknader om omsyn til kjende kulturminne under utbygging er også gitt som informasjon til søkjarar, dvs. dei ulike utbyggingsselskapa.

### **ØRSKOG KOMMUNE**

#### **Samla vurdering for utbygging i Ørskog kommune**

Grytavatnet kraftverk og Ørskogelva kraftverk kjem etter vår vurdering i størst grad i konflikt med regionale interesser. Vi vil rå frå konsesjon for Grytavatnet kraftverk før nærare vurderingar av alternativ utbygging med inntak lengre ned i vassdraget ligg føre. For Ørskogelva etterlyser vi betre omtale av regionale brukarinteresser, og såleis grunnlag for konsekvensvurdering. Alternative utbyggingsløyningar synest her lite tilrådelege.

#### **Grytavatnet kraftverk**

##### Kulturminne og kulturmiljø

Vi kjenner ikkje til automatisk freda kulturminne innanfor planområdet. Vi ser av planane at det skal byggast fleire hundre meter med anleggsveg samt 4 kilometer med røyrgate ved sida av elva. Det kan ligge kulturminne vi ikkje kjenner til i/langs traseen og til ei eventuell utbygging minner vi om: Dersom ein under arbeid kjem over noko som kan vere automatisk freda kulturminne, pliktar ein å stoppe arbeidet og ta kontakt med kulturavdelinga i fylkeskommunen for avklaring, jf. kulturminnelova § 8, andre ledd.

Det er kjent kulturminne frå nyare tid frå bergverksdrift på 50-talet og kulturminne knytt til gamle Vaksvik kraftverk. Desse er beskrivne og gitt mellom liten og middels verdi samt å ha ubetydelig konsekvens for tiltaket. Vi ber likevel om at det blir teke omsyn til kulturminne frå nyare tid sjølv om desse ikkje er uvanlege for denne typen

verksemd. Aller helst skulle søknaden ha gjort greie for korleis kulturminna kan sikrast i samband med ei ny utbygging (avbøtande tiltak).

### Friluftsliv

Fjellområdet rundt Grytavatnet er av stor verdi for både lokalt og regionalt friluftsliv, og Grytalisætra er utgangspunkt for fleire mykje bruka fotturar til populære toppturnål. I fylkeskommunen sin turportal morotur.no er det registrert seks turar berre i dette området.

Tiltaket inneber både inntak i Litlebotnelva, 70 m overføringskanal, og coanda-inntak i Vaksåa. Inntaket vil i følgje søknaden bli liggande utan innsyn frå turstiar mellom Grytalisætra og fjellområda ved Grytavatnet. Visuell verknad av inngrepa sett frå høgdedrag og fjelltoppar i nærområdet er ikkje kommentert i søknaden. I forhold til turstiane innover dalføret er det positivt at ein held den meir synlege Grytagrova utanfor utbygginga. Røyrgate og anleggsveg vil vere godt synlege i turområdet på kortare sikt, medan det er positivt at det ikkje er planlagt permanent veg med unntak av ein kortare tilkomstveg til kraftstasjonen.

Ovanfor vegen til Grytalisætra er det ikkje i dag tyngre tekniske inngrep, og fjellområda her er del av eit større prioritert inngrepsfritt område i gjeldande *Fylkesdelplan for inngrepsfrie naturområde*. Området er eit av dei største og lettast tilgjengelege INON-områda på Sunnmøre, om ein ser bort frå høgfjellsområda i indre strøk. Utbygginga vil redusere areal med INON-status, og konkret netto bortfall er berekna til 1,8 km<sup>2</sup> i sone 1 (3-5 km frå tyngre tekniske inngrep). Dette strid mot måla i fylkesdelplanen, sjølv om det i søknaden blir hevda at inngrepa vil vere lite eksponerte og truleg ikkje endre opplevingsverdien for brukarane av friluftslivområdet. Vi rår til at det ikkje blir gitt konsesjon før det er vurdert alternativ med inntak trekt lengre ned i vassdraget, slik at utbygginga ikkje gir reduksjon av INON-areal.

### Reiseliv

Grytavatnet-området som lett tilgjengeleg og inngrepsfritt friluftslivområde bør ha ein marknadsføringsverdi for lokalt reiseliv i Ørskog. Vi rår difor også ut frå reiselivs-omsyn til ei utbygging med inntak trekt lengre ned i dalføret.

## **Kverve kraftverk**

### Kulturminne og kulturmiljø

Vi kjenner ikkje til automatisk freda kulturminne innanfor området for tiltaka skissert her. Det er planar om 2540 meter nedgrave røyrgate på nordsida av elva samt utviding av eksisterande veg og bygging av litt ny veg. Alle desse tiltaka kan røre ved automatisk freda kulturminne som vi ikkje kjenner til og vi viser også her til meldeplikta etter kulturminnelova § 8, andre ledd: Dersom ein under utbygging kjem over noko som kan vere automatisk freda kulturminne, pliktar ein å stoppe arbeidet og ta kontakt med kulturavdelinga i fylkeskommunen.

Kulturminna er godt dokumentert og vurdert til å ha liten-middels verdi og til å ha liten negativ konsekvens. Plassering og utforming av kraftstasjon har betydning for kulturmiljøet kring steinkvelvingsbrua "Gamlebrua", noko søknaden synleggjer. Vi ber elles om at ei eventuell utbygging tek omsyn til mogleg verneverdige kvernhus som ligg på andre sida av elva. Desse har SEFRAK-nr 1523157 og 1523156.

### Friluftsliv

Det blir vist til at Vaksvikelva i utbyggingsstrekninga er lite (ikkje) eksponert og at brukarinteressene er nokså avgrensa. Inngrepa vil på sikt vere små, med berre ein kortare ny vegstrekning ved dyrka mark utanom inntak og kraftstasjon. Vi har ikkje vesentlege merknader til verdi- og konsekvensvurderingar.

### **Vaksvik kraftverk**

#### Kulturminne og kulturmiljø

Vi kjenner ikkje til automatisk freda kulturminne innanfor området for utbygginga. Det er planar om over 700 meter rørgate på sørsida av elva, 220 meter ny veg til kraftstasjonen og 20 meter ny veg til inntaket og det kan vere automatisk freda kulturminner her som er ukjente for oss. Vi ønskjer her å gjennomføre ei arkeologisk registrering i deler av området, i medhald av kulturminnelova § 9. Vi avventar betre kartgrunnlag og endeleg lokalisering av trasear og anlegg før vi gir ei nærare vurdering av omfanget av ei slik registrering. Registreringa bør gjennomførast før det eventuelt blir gitt konsesjon, då arkeologiske funn kan ha betyding for i kva grad utbygging kan gjennomførast. Vi gjer tiltakshavar merksam på at dei må dekkje kostnadene ved ei slik registrering, jf. § 10 i kulturminnelova.

Søknaden beskriv elles ikkje moglege konsekvensar av funn av automatisk freda kulturminne (avbøtande tiltak).

Kjende kulturminne i området er vurdert til å ha liten-middels verdi, og til å ha liten negativ konsekvens. Kvelvingsbrua "Gamlebrua" rett ovanfor inntaket er vektlagt også her. Coandainntak gir redusert visuell verknad, som beskrive i søknaden. Vi ber om at utforming av inntak med tilhøyrande infrastruktur blir teke omsyn til i prosjektering og vidare arbeid.

### Friluftsliv

Til liks med Kverve kraftverk inneber Vaksvik kraftverk utbygging i jordbrukslandskapet i lågareliggande dalstrøk. Brukarinteresser er knytt til avgrensa lokal bruk. Vi har ikkje merknader til verdi- eller konsekvensvurdering.

### **Vestre kraftverk**

#### Kulturminne og Kulturmiljø

I denne saka har det tidlegare vore varsla at vi ønskjer å få gjennomført ei arkeologisk registrering på grasslettene nede ved sjøen. Her ligg det gravrøyser på begge sider av elva (ID 6450 og 91828 i databasen Askeladden). Det ligg også ei gravrøys oppe ved tunet på garden Vestre. Her kan det ligge fleire automatisk freda kulturminne under dyrka mark og vi ønskjer å gjennomføre ei undersøking i medhald av kulturminnelova § 9. Registreringa bør gjennomførast før det eventuelt blir gitt konsesjon, og kan få betyding for kva alternativ for plassering av kraftstasjon vi eventuelt kan tilrå. Vi gjer merksam på at tiltakshavar må dekkje kostnadane ved ei slik registrering, jf. § 10 i kulturminnelova.

Kulturminna er beskrivne og vurdert til middels verdi, samt ubetydelig konsekvens. Vurderinga bør her ta høgde for at funn av freda kulturminne i yttarste konsekvens kan gi konflikt med røyrgatetrasé og kraftstasjon for begge dei to alternativa som er føreslått.

Det ligg elles eit SEFRAK-registrert kvernhus (ID 152323) rett sørvest for fylkesvegen si kryssing av Vestreelva. Dette må det takast omsyn til i det vidare arbeidet.

### Friluftsliv

Utbygginga omfattar nedre deler av Vestreelva, under skoggrensa. Brukarinteressene er også her knytt til avgrensa lokal bruk, og vi har ikkje vesentlege merknader til verdi- og konsekvensvurderingane som er gjort for landskap og friluftsliv.

Utbygginga gir eit lite bortfall av INON-areal i sone 2 (1-3 km frå inngrep). Om ein skal unngå bortfall heilt må inntaket flyttast nokså langt ned mot Vestreberget, noko som truleg vil redusere produksjongrunnlaget for kraftverket betydeleg, medan endringane for landskaps- og friluftslivoppleving vil vere relativt små.

### Reiseliv

Søknaden inneber plassering av kraftstasjon like ved fjorden, ved utløpet av Vestreelva. Ut over detaljkart er plassering og utforming av kraftstasjonen ikkje visualisert. Dette kan påverke landskapsoppleving, og oppleving av møte mellom vassdrag og fjord, sett frå fjorden, med cruise- og turistbåttrafikk. Vi saknar nokre vurderingar kring dette.

## **Ørskogelva kraftverk**

### Kulturminne og kulturmiljø

Vi kjenner til automatisk freda kulturminne i området for tiltaka. Det er snakk om jernvinneanlegg. Tiltakshavar må generelt vere merksam på meldeplikta i kulturminnelova § 8, andre ledd: Dersom ein under arbeid kjem over noko som kan vere automatisk freda kulturminne, pliktar ein å stoppe arbeidet og ta kontakt med kulturavdelinga i fylkeskommunen.

Kartgrunnlaget er av ein slik art at det ikkje er mogleg å seie heilt nøyaktig kor det er mest sannsynleg å treffa på fleire automatisk freda kulturminne, men utmarksrelaterte kulturminne er mest sannsynleg i dette området. I utgreiingsgrunnlaget står m.a «Eg har merka meg at eit område mellom kote 160 og 170 om lag 500 meter nord/nord-aust for planlagt kraftstasjon har på ø.k kartet nemninga «Gamlesætra». Dette er eksempel på område der ein kan forvente funn.» Dette området må sjåast nærare på gjennom arkeologiske undersøkingar, jf. kulturminnelova § 9. Registreringa bør gjennomførast før det eventuelt blir gitt konsesjon. Vi gjer merksam på at tiltakshavar må dekkje kostnadane ved ei slik registrering, jf. § 10 i kulturminnelova.

Opplevinga av Byrkjelihaugsetra og *Den Trondhjemske Postvei*, som er eit kulturminne av regional og nasjonal verdi, vil bli påverka av inngrep i omgivnadene. Det må takast omsyn til dette i detaljplanlegging og gjennomføringa av tiltaket. Stølsdrift med seterstølar og setervegar, utmarksslått med slåtteigar og utmarksløer er viktige kulturmiljø som det må takast omsyn til i det vidare arbeidet då det er dette som seier noko om korleis vi har brukt og forma landskapet i tidligare tider.

Tiltaket vert vurdert til å ha liten konsekvens for kulturminne og kulturmiljø. Vårt tidlegare forslag til avbøtande tiltak vert sitert i søknaden: Ved konsesjon bør det settast krav om at inntaket blir gjort så lite og opparbeidd så skånsamt som mogleg, og at røyrgate blir anlagt og utført slik at det blir minimal endring av landskapet.

Det er elles ikkje gjort vurderingar av konsekvensar og evt. justering/tilpassing dersom det skulle bli gjort funn av nye automatisk freda kulturminne.

### Friluftsliv

Brukarinteressene kring Ørskogelva bør få ein meir utfyllande omtale i søknaden, og det bør gå tydelegare fram korleis ein har vurdert konsekvens. Søknaden gir lite/ingen vurdering av Ørskogfjellet generelt som regionalt utfarts- og friluftslivområde, og Den Trondhjemske Postvei som ein attraktiv og historisk ferdsleveg i området.

Inngrep knytt til inntak, røyrgate og kraftstasjon er planlagt i avstand frå dei mest bruka områda langs Ørskogelva i utbyggingsområdet. Påverknad vil då først og fremst vere knytt til redusert opplevingsverdi av vassdraget med stryk og fossefall. Dynjafossen er ein av dei største attraksjonane i så måte, og inntak for kraftverket er planlagt like i overkant av denne. Plasseringa gjer at ein ved bygging av inntak og røyrgate i hovudsak kan nytte eksisterande veginfrastruktur. Dersom ein skal unngå utbygging av Dynjafossen vil inngrep knytt til inntak og røyrgate truleg bli vesentleg større enn ved føreslått utbygging. Alternative utbyggingsløysingar er difor truleg lite tilrådelege.

### Vassforvaltning

Ørskogelva er den einaste utbygginga i denne søknadsrunden som påverkar vassførekost med tiltak i føreslått forvaltningsplan for Møre og Romsdal vassregion. Nedre del av denne elva (vassførekostnr. 101-31-R i vann-nett) er omtalt med fire tiltak i tiltaksprogrammet knytt til forvaltningsplanen. Elva er vurdert til å ha moderat økologisk tilstand og i risiko for ikkje å nå miljømål om god økologisk tilstand innan 2021. Påverknadene som er beskrivne i vann-nett er ureining frå spreidd avløp og industri, samt problematikk rundt flaumepisodar og isoppstuvning ved kraftdam. Tiltak som er beskrive i henhold til forureining/avrenning frå industri er kartlegging, tilsyn, revisjon og risikovurdering. I samband med flaumproblematikk har NVE forslått forlenging av eksisterande elveforbygging. Vi viser elles til tiltaksanalyse for Nordre Sunnmøre vassområde, som er tilgjengeleg på ovannemnde nettside.

Dersom kraftutbygginga medfører redusert vassføring i nedre del av Ørskogelva, vil eventuell forureining bli konsentrert opp. Det omsøkte utbyggingsområdet ligg ovanfor busetnad og industri, slik at dette neppe blir ei problemstilling.

## **SYKKYLVEN KOMMUNE**

### **Samla vurdering for utbygging i Sykkylven kommune**

Utbyggingane i Regndalselva og Huna framstår som dei mest konfliktfylte m.o.t. regionale interesser, og der landskaps- og friluftslivsinteresser er særleg framtrедande. Ved utbygging av Kroken kraftverk kan vi rå til utbygging etter alternativ 2, medan hovudalternativet etter vår vurdering har for store konsekvensar for friluftsliv og landskap. Når det gjeld Huna rår vi frå utbygging av Øvre Huna kraftverk, medan Nedre Huna kraftverk og «Mellomhuna» synes akseptable ut frå omsyn til landskap og friluftsliv.

Vi etterlyser betre alternativvurderingar for Gimsdalselva kraftverk, med sikte på å kunne redusere bortfall av inngrepsfri natur.

Vi peikar elles på mangelfulle kulturminnevurderingar i søknaden for Aurdal kraftverk.

## Aurdal kraftverk

### Kulturminne og kulturmiljø

Vurderingane i forhold til kulturminne er så langt vi kan sjå svært mangelfulle, og vi kan ikkje sjå at ei reell vurdering er gjort. Det er berre nemnt i søknaden at det ikkje er kjente kulturminne, verken freda eller verneverdige, som vert råka av utbygginga. Vi les elles: «*Der er spor / murar av kvernhus like ved der kraftverket er tenkt bygd, men disse vil ikkje kome i konflikt med utbygginga.*» Dei gamle setervegane er heller ikkje vurdert som kulturminne. Vår konklusjon er at forholdet til kulturminne bør utgreiast betre.

### Friluftsliv

Vi kjenner ikkje til friluftslivbruk av utbyggingsområdet utover avgrensa lokal bruk. Det blir elles vist til at utbygginga vil vere lite synleg frå kringliggande fjellområde. Inngrep i form av veg til inntak og kraftstasjon vil vere nokså avgrensa. Vi har ikkje vesentlege merknader til vurderingane som er gjort.

## Kroken kraftverk

### Kulturminne og kulturmiljø

Søknaden har ei fin og grei utgreiing både i tekst og med kart over kva som er kjent av spor etter kulturminne i det aktuelle området. Sjølv konsekvensvurderinga i forhold til kulturminne er også god. Her er nemnt både «Gamlestølen», Regndalssetra og restar etter knottproduksjon frå 2. verdskrig. Så langt vi kan sjå er det god avstand mellom planlagd utbyggingsområde og dei aktuelle kulturminna.

### Friluftsliv/Reiseliv

Regndalen er i eldre friluftsområdekartleggingar (Fylkesmannen i Møre og Romsdal) registrert som friluftsområde med regional bruksverdi. Området grensar til nasjonalt verdfulle friluftsområde i fjellområda mellom Velledalen og Norangsdalen/ Hjørundfjorden. Dei nasjonale og regionale verdiane knytt til desse naturområda er dårleg kommunisert i søknaden. Vellebakkane er elles registrert som kulturlandskaps- og naturområde med lokal verdi, m.a. for undervisning.

Som søknaden peikar på er det gitt fleire konsesjonar i vassdrag i området: Brunstad, Drivsdalselva, Riksheimdal og Riksheim kraftverk er bygde. Kroken kraftverk vil i hovudalternativet innebere utbygging av den første fossen i Velledalen: Regndalsfossen. Hovudalternativet legg opp til bora vassveg frå inntak, og såleis mindre inngrep utanom redusert vassføring. Alternativ 2 skjermar Regndalsfossen men gir, i alle fall på kort sikt, større inngrep knytt til rørgate/anleggsveg.

Utbygginga gir også reduksjon av INON-areal i sone 1 og 2, i eit område som er prioritert inngrepsfritt i *Fylkesdelplan for inngrepsfri natur*. Hovudalternativet gir størst bortfall av inngrepsfri natur, og klart mest bortfall av areal i sone 2 (1 km<sup>2</sup> mot 0,2 km<sup>2</sup> i alternativ 2).

Landskapsoppleving er av betydning for både friluftsliv og reiseliv, og alternativ 2 er såleis klart å føretrekke, då dette gir full vassføring i Regndalsfossen og reduserer inngrep til nedre del av dalsida mot Regndalen og dermed også inneber mindre tap av inngrepsfri natur.

## Øvre Huna kraftverk og Nedre Huna kraftverk

### Automatisk freda kulturminne

Når det gjeld Nedre Huna kraftverk vil vi i medhald av § 9 i kulturminnelova stille krav om arkeologisk registrering med gravemaskin i dyrka mark nede ved planlagd kraftverk og i nedste del av røyrgata. Dette vil seie ei strekning på truleg om lag 200-300 meter. Registreringa bør gjennomførast før det eventuelt blir gitt konsesjon. Vi gjer merksam på at tiltakshavar må dekkje kostnadane ved ei slik registrering, jf. § 10 i kulturminnelova.

Ved alternativ utbygging, «Mellomhuna», vil flytting av kraftstasjon til oversida av fv. 71 truleg føre til at krav om arkeologisk registrering fell bort.

### Friluftsliv

Utbyggingsforslaga i Huna strekkjer seg innover i eit regional viktig friluftsområde, med ferdслеåra mellom Riksheim og Hundeidvik som ein viktig del. I eldre friluftskartleggingar (Fylkesmannen i området) er området som heilskap gitt nasjonal bruksverdi. Desse verdiane er underkommuniserte i søknaden, spesielt for Øvre Huna kraftverk. Øvre Huna kraftverk vil gi inngrep nokså langt opp i dalføret, med inntak i eksponert terreng klart over skoggrensa. Utbygginga vil konkret gi reduksjon av 1,6 km<sup>2</sup> INON-areal i sone 2.

Det er registrert naturverdiar som vil bli påverka av Øvre Huna kraftverk, og mellomalternativet «Mellomhuna» er difor føreslått med inntak ovanfor Heimsetra. Etter det vi kan sjå gir dette ikkje bortfall av INON-areal og gir ikkje inngrep særleg høgare i dalføret enn det som er tilfelle i dag. Ut frå omsyn til landskap og friluftsliv vil såleis Nedre Huna kraftverk ha minst konsekvensar, medan «Mellomhuna» også synes akseptabelt ut frå ei heilskapleg vurdering.

### Reiseliv

Plassering og utforming av kraftstasjon med utløpskanal har betydning for landskapsoppleving sett frå fjorden, jf. tilsvarende vurdering for Vestre kraftverk i Ørskog.

## Gimsdalselva kraftverk

### Kulturminne og kulturmiljø

Det er utført ei arkeologisk registrering i samband med utbyggingsplanane, og det er registrert tufter som kan vere automatisk freda. Det har ikkje vore mogleg å finne daterbart materiale. Ifølgje utgreiinga ligg murane i ei skråning mot elva som vil vere ca. 30 meter frå tenkt røyrgate/veg. Det er viktig at røyrgata/vegen ikkje kjem nærare enn dette og at ein steller igjen området så godt som mogleg slik at kulturlandskapet rundt denne «setra» blir bevart.

### Friluftsliv

Bruken av området er i friluftslivssamanheng truleg mest lokal, og utbygginga vil ikkje råde turstiar ved Gimsdalssætra direkte.

Inntaket er lagt nokså høgt i Gimsdalselva, noko som gir reduksjon av INON-areal i sone 2. Det aktuelle arealet ligg perifert i dei områda som er prioriterte i *Fylkesdelplan*

*for inngrepsfrie naturområde, men vi etterlyser likevel vurderingar kring alternative utbyggingsløyisingar som kan redusere eller unngå bortfall av INON-areal.*

## **SAMLA VURDERING**

Ut frå merknadene over vil Møre og Romsdal fylkeskommune rå frå søknader om Grytavatnet kraftverk, Kroken kraftverk med hovudalternativet og Øvre Huna kraftverk, slik dei no ligg føre, ut frå omsyn til regionale interesser knytt til landskap, friluftsliv og inngrepsfri natur.

Vi etterlyser også utfyllande vurderingar for nokre av søknadene, og ber utbyggjarar merke seg råd om omsyn i planleggings- og utbyggingsfasen.

Saka vert lagt fram som orienteringssak for fylkesutvalet i Møre og Romsdal 25. august. Fylkesutvalet kan gjere vedtak om endringar i fråsegna.

Med helsing

Johnny Loen  
plansamordnar

Anders Røystrand  
rådgivar

*Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.*

### Fagsaksbehandlar

Kulturminne og kulturmiljø: fylkeskonservator Bjørn Ringstad, tlf. 71 25 88 41  
arkeolog Kjersti Dahl, tlf. 71 25 88 49

Reiseliv: rådgivar Lillian Sæther Sørheim, tlf. 71 25 81 96

Vassforvaltning: rådgivar Margrete Emblemståg, tlf. 71 25 81 83

Kopi:

Sykkylven kommune

Ørskog kommune

Fylkesmannen i Møre og Romsdal